

## Strategiar og langsiktige planar for 2020-2022

*Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.*

*Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.*

*Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.*

*Vest-Telemark Museum skal*

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.*
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.*
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.*
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.*
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.*

### **Resultatmål drift og utvikling**

Vest-Telemark Museum skal trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.

- vidareutvikle Norsk Skieventyr og VTM – Eidsborg som faglege og opplevingsmessige fyrtårn
- arbeide for nytt regionalt kunstmuseum med magasin og utstillingsareal etter museumsfaglege standardar
- utvikle kafè- og anna salstilbod, auke samla salsinntekter til kr. 4 mill. i 2020
- prioritere marknadsarbeidet og setje av 2 % av driftsbudsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

### **Resultatmål samlingsarbeid**

Vest-Telemark Museum skal arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.

- drifte fellesmagasinet for VTM og samlingane på alle einingar
- følgje klare rutiner for god samlingsforvaltning i samsvar med standarden SPECTRUM
- prioritere revisjon av gjenstandsregistreringane
- følgje vedteken samlingsforvaltningsplan for VTM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale
- gjere samlingane fortløpande tilgjengeleg for publikum, særskild gjennom DigitaltMuseum

### **Resultatmål forskning og dokumentasjon**

Vest-Telemark Museum skal leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forskning innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forskning på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

### **Resultatmål formidling**

Det samla museumstilbodet skal nå ut til alle

- utvikle og produsere utstillingar, aktivitetar, arrangement og publikasjonar som stimulerer til oversyn, forståing og kritisk refleksjon
- legge museets faste arenaer til rette for publikum generelt, og grupper med særskilde behov spesielt
- prioritere aktivitetsbasert læring basert på fysisk rekvisittbruk, audiovisuell/digital stimulering og bruk av sosiale medium
- vektlegge pedagogisk tilrettelagt formidling til born, unge og innvandrarar og samarbeid med undervisningsinstitusjonar, vaksenopplæring og DKS
- utvikle heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- lære opp sesongtilsette formidlarar og utarbeide/fornye guideressursar

### **Resultatmål vedlikehald og sikring**

Vest-Telemark Museum skal halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over treg, prioriteringar og løysingar
- etablere ei realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp vedteken sikringsplan og rutiner